

Vår saksbehandlar:
Sverre Olav Svarstad

Direkte telefonnr.:
53 42 30 52

Vår dato:
28.01.2008
Dykkar dato:

Vår referanse:
2007/2029-102.11763/2008
Dykkar referanse:

Det kongelege kommunal og regionaldepartement
Postbpks 8112 Dep
0032 Oslo

HØYRING INNTEKTSSYSTEMET

Bømlo kommunestyre handsama høyringsnotatet frå Det kongelege kommunal og regionaldepartement i sitt møte i kommunestyret mandag 28.01.2008.

Høyringsuttalen følgjer som vedlegg til brevet og vert sendt som elektronisk post i dag og som brev gjennom ordinær postsending.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Sverre Olav Svarstad
Rådmann



Dato: 14.01.2008
Arkivref: 2007/2029-
794/2008 / 102.1

Saksbehandlar: Sverre Olav Svarstad
53 42 30 52
sverre-olav.svarstad@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	28.01.2008

HØYRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Kommunestyret sitt vedtak:

Bømlo kommune viser til rapport om forslag til betring av overføringssystemet for kommunane (Sørheimutvalet), jf brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Bømlo kommune legg til grunn av hovudføremålet med inntektssystemet er å legge til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling varierer sterkt.

Vi er samde i at skatteinntekter skal utgjere ein del av finansieringa av kommunesektoren. Men skattedelen bør haldast på same nivå som i dag, for å gje grunnlag for eit likeverdig tenestetilbod. Vi er samde i utvalet si innstilling på dette punktet. For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå fleirtalet i Sørheimutvalet.

Det er viktig at inntektssystemet omfattar eit distriktpolitisk tilskot, slik at distriktkommunar kan ha same handlingsrom for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngjevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Bømlo kommune kan ikkje slutte seg til å endre teljedato for folketal til 1. juli året før. Bømlo kommune meiner at dagens ordning bør vidareførast.

Bømlo kommune meiner at storleiken på skjønstilskotet må vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

Bømlo kommune støttar ikkje Sørheimutvalet sitt framlegg om inntektsgarantiordning, som gjer situasjonen mindre forutsigbar.

Sørheimutvalet si innstilling må følgjast opp med ei grundig vurdering av utgiftsutjamninga. Bømlo kommune meiner at Borge-utvalet si innstilling gjev eit godt grunnlag, men meiner at utgiftsutjamninga bør utvide kriteria til også å omfatte kommunale vegar.